

Abonnements vilkår:

1 Generelt

1.1 Gyldighetsområde

Dei angitte vilkår regulerar kundens tilgang til og bruk av tenester og tilleggstenester levert av Årdalsnett AS.

Tilknytning til breibandsnettet leverast berre dersom det er teknisk mogleg å levera til abonnenten. Dersom Årdalsnett AS ikkje kan levera bestilt hastigheitsklasse ansjås bestillingen kansellert, og kunden kan få tilbod om kjøp av ei alternativ hastigheitsklasse. Om det av tekniske årsakar ikkje er mogleg å levera breibandstilopling til kunden betalar ikkje kunden noko for forsøket med mindre anna er avtalt.

1.2 Bestilling av tenester

Bestilling av tenester via web, telefon, skriftleg eller muntleg er å betrakta som ei aksept av gjeldande betingelsar. Om kunden tar i bruk tenester utan at det er inngått avtale, ansjås vedkommande for å ha akseptert avtalens vilkår.

1.3 Parter

Alle juridiske og myndige personar som er knytta til Årdalsnett sine sentralar og har ein kvalitet og kapasitet som tilfredstiller krava til innstallasjon kan hovedsakeleg abbonera på tenestene.

1.4 Levering av tenester

Det vil bli foretatt rutinemessige kredittvurderingar av abonnentane. Årdalsnett har rett til utan å oppgi grunn, å avslå leveringa av ei eller fleire teneste.

2. Angrerett

Kunden har, i henhald til angrerettlova, rett til å gå frå avtalar som leveranse av teneste ved å gi Årdalsnett AS melding om dette innan 14 dagar etter at aktuelle avtaler er bekrefta av Årdalsnett. Melding om bruk av angrerett bør av bevismessige hensyn væra skriftleg. Ved bruk av angrerett går partanes plikt til å oppfylja avtaler vekk.

Kundar som har bestilt tenester på anna måte en ved telefonsamtale etter uanmoda oppringing frå Årdalsnett ("telefonsalg") og som mottar leveranse før angrefristens utløpsdato, pliktar ved bruk av angreretta å betala for etablering og motatt leveranse av gjendande teneste. Ved bruk av angreretta er kunden ansvarleg for å tilbakelevera alt utstyr motatt frå Årdalsnett i forbindelse med den aktuelle avtalen. Kunden er sjøl plikta til å påta seg kostnadane med retur av motatt utstyr.

Om kunden avbestiller etter angrefristens utløpsdato, men før leveranse er gjort tilgjengeleg, pliktar kunden å betala eit avbestillingsgebyr i henhald til gjeldande prislista. Etter at leveransen er gjort tilgjengeleg for kunden og angrefrista er utløpt, gjelder vilkår for oppsigelse som følger av punkt 8 nedafor.

3 Tenestane

3.1 Tenestanes innhold

Årdalsnett gir kunden ein breibandstilgang via kavel tv nette eller fibernettet med nærmare avtalt kapasitet, samt eit modem. Breibandstilgangen er normalt tilgjengeleg heile døgnet, men det kan forekomma driftsforstyrrelsar. Alt utstyr utlevert av Årdalsnett, derav modem og andre adaptera, er om ikkje anna er avtalt, Årdalsnett si eigedom, og må returnerast av kunden for eiga regning ved

endt kontrakt eller når Årdalsnett ber om å få utstyr i retur, uavhengig av årsak. Kunden blir fakturert for ruter/modem som ikkje er levert i retur, i følge prisliste.

Breibandstilgangen leverast til ei definert megabit per sekund rate og linjehastigheita vil vera inntil den bestilte hastigheitsklassa. Kunden må regna med at effektiv linjehastigheit kan vera noko lavare en den definerte hastigheita på grunn av signaltap på linja. Årdalsnett kompenserar etter evne signaltapet på linja, med mindre anna er spesifisert, men særlig i perioder med stor belastning på nettet vil kunden kunne oppleve å få dårlegare kapasitet og hastigheit en opplyst i prislista.

Intern kabling og modifikasjon av kabel tv uttak som måtte vera nødvendig for å levera tenester til boligen er kundens eige ansvar. Om kunden ønsker framføring av nye kablar og kontaktar må kunden betala tillegg for dette, ut over etableringsprisen frå Årdalsnett, i henhold til Årdalsnett sine gjeldande prisar for dette.

3.2 Leveranse

Tenestane skal leverast innen rimeleg tid etter kjøpet, om ikkje anna er avtalt. Kunden vil få oppgitt ein forventta leveringstid. Dersom levering ikkje har oppstått innen rimleg tid etter leveringsdato regnast leveringa forsinka. Ved forsinkelse gjeld vilkåra punkt 10.3 og erstatning tilsvarende. Ved vesentleg forsinkelse av forventta leveransedato kan kunden heva kjøpet som beskreve i vilkåra punkt 10.4. Kunden skal gi melding om heving av kjøpet innen rimleg tid etter at eit forsinkelse har oppstått.

3.3 Tilknyttaste tenester

Via breibandstilgangen får kunden tilgang til Internett. Driftsforstyrrelsar på desse tenestane kan forekomma.

3.4 Kundens bruk av tenestene

Kunden kan gi andre i sin bustad tilgang til sitt abonnement. Kunden er ansvarleg for all bruk av tenester knytta til eige abonnement og plinktar å sørgja for at uvedkommande verken elektronisk eller fysisk nyttar kundens abonnement til uaktsomt bruk av teneste levert av Årdalsnett. Tenestane kan ikkje videreselgast. Det er i tillegg forbudt å dela linja med andre enn i eigen bustad.

4 Prisar

4.1 Abonnementsprisar

Kunden betalar eingongs etableringspris, månedlig abonnementsavgift, samt frakt av utstyr. Prisane framgår av Årdalsnett til einkvar tid gjeldande prislista. Prisendringar varslast i henhold til punkt 7.2.

4.2 Tillegstenester

Prisar på tillegstenester følger av eigne prislistar og eventuelt eigne vilkår.

5 Fakturering

Etableringspris fakturerast saman med første fakturering av abonnement. Kunder fakturerast forskotsvis for faste avgifter kvar måned, kvartal eller halvår. Første faktura vil såleis dekkja etablering og abonnement fra tilknytningstidspunktet og fram til og med ut avtalt betalingsperiode. Abonnementet fakturerast fra den dato tenestene er gjort tilgjengelege for kunden.

6 Kundens betalingsplik

Den som er registrert som kunde hos Årdalsnett, er ansvarleg for betaling av tenestene Årdalsnett leverar i henhold til noværande vilkår. Ansvarret omfattar andres bruk av tenestene. Betalingsplikt gjelder sjølv om levering er heilt eller delvis stengt i medhold av punkt 12.3.

7 Varsling og endringar

7.1 Endringar frå kunden si side

Endringar som har betydning for abonnementet skal om mogleg meldast til Årdalsnett seks veker før endringane trer i kraft, og Årdalsnett vil kunna bruka intill seks veker etter meldt endring på å gjennomføra dette.

7.1.2 Flytting

Kunden kan ikkje ta med seg abonnementet dersom kunden flytter med mindre anna er avtalt.

7.1.3 Hastigheitsklasse

Kunden kan be om endring av hastigheitsklasse. Endring av abonnementet medfører gebyr etter gjeldande prisliste. Oppgradering av hastigheit forutsetter at det er teknisk mogleg å levere.

7.2 Endringar frå Årdalsnett si side

7.2.1 Varslingsfristar

Vesentlege driftsforstyrrelsar som Årdalsnett kan forutsjå eller kontrollera, oppseiing i henhold til vilkåra i punkt 8.2, overdragelse av kontraktposisjon i medhold til vilkåra i punkt 9.2, endringar av vilkåra som ikkje er i kundens fordel, øking i prisane, samt stenging i medhold av vilkåra punkt 12.3, vil bli varsla av Årdalsnett minst ein månad før. Samt andre forhold ved tenesta som berører kunden vil bli forsøkt varsla innan rimleg tid. Årdalsnett forbeholder seg retten til å utan varsel stenge kunder sin tilgang til nettverket om Årdalsnett får kjennskap til at kunden misbruker tenesten til lovoverstridelsar eller brudd på tredjemanns rettigheitar, herunder spredning av barneporno, rasistiske ytringar, ærekrenkelsar eller brudd på opphavsrettigheitar.

7.2.2 Varslingsmåte

Varsel sendes til kundens registrerte epostadresse med mindre anna er avtalt. Varsel om stenging kan og inntas i faktura eller brev til kundes registrerte adresse.

8 Oppseiing

8.1 Oppseiing frå kunden

8.1.1 Abonnement utan bindingstid

Kundar kan bringe abonnementet til opphøyr med virkning frå ein månad etter at melding om oppseiing har komme fram til Årdalsnett, regna ut frå utgangen av oppseiingsmånad.

8.1.2 Abonnement med bindingstid

Kundar kan bringe abonnementet til opphøyr med virkning frå seks veker etter at melding om oppseiing har komme fram til Årdalsnett. Dersom ein kunde seier opp ein bindsingstidavtale før bindingstiden har utgått må kunden betala til Årdalsnett eit gebyr for oppseiing av bindingstid i henhold til gjeldande prisliste.

9 Overføring

9.1 Overføring frå kunden

Kunden kan overføra breibandslinja til ny abonnent ved å gi melding om dette til Årdalsnett. Overførelsen kan finna stad etter Årdalsnett si godkjenning av ny kunde og frå neste fakturaperiode. Kunden er ansvarleg for abonnementet fram til ny kunde er registrert og godkjent av Årdalsnett. Overførelse av linja fakturerast i henhold til gjeldande prisliste. Ved dødsfall, eller dersom kunden har flytta frå bustaden og andre medlem av bustaden skal overta breibandslinja, kan overførelsen av linja og finna stad utan omkostningar ved melding frå den som ønsker å overta abonnementet. Overførelse av abonnement kal ikkje finna stad til ny adresse. Personlege betingelsar knytta til abonnementet kan ikkje overførast og den linja overførast til må tegne nytt abonnement til nye betingelsar.

9.2 Overføring frå Årdalsnett

Årdalsnett forbehold seg retta til å kunne overdra sine rettigheitar og pliktar knytta til abonnementet til ein anna eigna leverandør så sant det ikkje er urimeleg for kunden.

10 Feil eller mangler ved produktet

10.1 Reklamasjon

Før det meldast feil til Årdalsnett, bør kunden undersøka om feilen skyldast forhold på kundens side. Dersom kunden kan bekrefte at produktet ikkje fungerer slik Årdalsnett har beskrevet det, må kunden melde frå om dette til Årdalsnett slik at Årdalsnett kan iverksetta tiltak for bistand. Sjå neste punkt. Kunden mistar sin rett til å gjer ein mangel gjeldande dersom han ikkje gir Årdalsnett melding innan rimleg tid etter at han oppdaga eller burda oppdaga mangelen.

10.2 Bistand

Årdalsnett skal snarast mogleg etter å ha blitt kjent med ein mangel ved produktet levert av Årdalsnett, iverksetta tiltak for å retta på mangelen. Dersom kunden på eige initiativ iversett tiltak for å utbedra mangelen ut over det som er avtalt med Årdalsnett, betalar ikkje Årdalsnett for desse utgiftene.

10.3 Erstatning

10.3.1 Direkte tap

Årdalsnett er ansvarleg for direkte tap som skuldast mangel ved tenestene. Dette gjeld likevel ikkje viss Årdalsnett legg bevis for at mangelen skuldast forhold utanfor Årdalsnett sin kontroll, og som Årdalsnett ikkje med rimelegheit kunne forventast å unngå eller overvinna følgane av. Med direkte tap meinast nødvendige og dokumenterte ekstrautgifter som kunden er påført som ein følge av mangelen. Årdalsnett er og ansvarleg for skade som er påført som følge av uaktsomheit utført av Årdalsnett på kundenes eigendom eller eigendelar ved montering, installasjon og kabelføring som overgår det som er nødvendig for monteringen.

10.3.2 Indirekte tap

Årdalsnett er ikkje ansvarleg for indirekte tap som følge av manglar med mindre tapet har skjedd i samband med grov uaktsomheit frå Årdalsnett si side. Som indirekte tap regnast:

Tap som følge av minskt eller bortgått produksjon eller omsetning (driftsavbrot)

Tapt fortjeneste som følge av at ein kontrakt med tredjemann fell vekk eller ikkje blir oppfylt.

Tap som følge av skade på anna en utstyr levert av Årdalsnett og gjenstandar som utstyret brukast til framstilling av eller som har nær og direkte sammenheng med utstyrets forutsatte bruk.

10.3.3 Årdalsnett sitt samla ansvar

Årdalsnett sitt samla erstatningsansvar er begrensa til kr 5.000,- for kvart tilfelle med mindre tape skyldast grov uaktsomheit frå Årdalsnett si side.

10.4 Heving

Kunden kan med augeblikkelig virkning heva avtalen ved vesentlege mislighald frå Årdalsnett si side.

11 Behandling av personopplysningar

11.1 Innhenting og bruk av personoppysningar

Ved bestilling av abonnement vil dei opplysningar som kunden oppgir, blir lagra i Årdalsnett sin kundebase. Det kan og bli innhenta kredittvurdering av kunden, sjå vilkåra punkt 1.4. Opplysningane blir lagra til bruk ved levering av tenesta, varsling ihht vilkår punkt 7.2 og fakturering. Opplysningane vil ikkje bli brukt til markedsføring eller utlevert til andre med mindre Årdalsnett er rettsleg forplikta til det. Kunden har på forespørsel rett til innsyn, jf personopplysningsloven § 18, og kan kreva uriktige eller ufullstendige opplysningar retta. Unntak frå retten til informasjon følger av personopplysningsloven § 23.

11.2 Taushetsplikt

Årdalsnett og dei ansatte i Årdalsnett pliktar å bevare taushet om opplysningar angående kundens bruk av produktet og om innhaldet i kundens kommunikasjon på nettet. Slike opplysningar kan likevel utleverast med kundens samtykke, elller gir til domstolar, påtalemyndigheitar eller andre offentlege myndigheitar når Årdalsnett er rettsleg forplikta til å utlevera slik informasjon.

12 Kundens mislighald mv

12.1 Betalingsmislighald frå kunden

Ved betalingsmidlighald vil Årdalsnett senda inkassovarsel i samsvar med gjeldande lovgiving. Kunden vil bli belasta med forsinkelsesrente etter lov om rente ved forsinka betaling og purregebyr slik det framkjem av Årdalsnett si gjeldande prislista. Tenester som forutsetter kreditt vil ikkje kunne bli påregna levert før gjelden er betalt eller på anna måte har fråfalle.

12.2 Erstatning

Viss utstyr som tilhøyrrer Årdalsnett går tapt eller skadast mens utstyret befinn seg hos kunden, er kunden objektivt ansvarleg. Ved tap eller uopprettleg skade, svarar kunden erstatning med ein sum i henhold til den einkvar tid gjeldande prisliste.

12.3 Stenging

Årdalsnett kan stenga kunden sin tilgang til tenestene heilt eller delvis dersom kunden ikkje held sine forpliktelsar etter abonnementsavtalen, herunder ved ikkje å betala i henhold til faktura sendt frå Årdalsnett. Tilsvarende stenging kan iverksettast av Årdalsnett dersom det føreligg mislighald som omtala i vilkåra i punkt 12.4 eller om kunden utøver aktivitetar som til dømes "spamming", distribusjon av uønska innhald, innbrudd og forsøk på innbrudd, som kan forringa tenestekvaliteten for andre brukarar. Før stenging vil kunden bli informert av Årdalsnett. Dersom ein stengt forbindelse gjenåpnast, vil det påløpa eit gjenåpningsbegyr i henhold til gjeldande prisliste.

12.4 Heving

Årdalsnett kan med augeblikkeleg virkning heva avtalen og krevja routeren returnert/utlevert ved vesentleg mislighald frå kundens side. Vesentleg mislighald kan for eksempel foreligga dersom kunden;

Ikkje betalar etter andre gongs purring,

Brukar utstyr som ikkje er typegodkjent,

Brukar tenesten i strid med offentligrettslege reglar, eller

På anna måte grov misbrukar tenesta, herunder ved brudd på opphavsrett.

Deler linja med andre enn i sin husstand.

Spredning av barneporno, rasistiske ytringar og ærekrenkelsar kan vera brudd på offentligrettslege reglar, mens krenkelsar av opphavsrettigheitar vil kunne vera både brudd på offentligrettslege reglar og brudd på opphavsrett.

13. Ekstraordinære bruksrestriksjonar

I nødsituasjonar, ved alvorlege truslar mot helse, sikkerheit eller miljø, naturkatastofar, krig eller krigslignande tilstandar, streik eller lockout og alvorleg fare for sabotasje mot nett og tenester kan Årdalsnett avbryta tenestar heilt eller delvis. Årdalsnett har rett til å iversetta tiltak som kan medføre avbrudd, forstyrrelsar eller endringar av tenestene som Årdalsnett anser nødvendig av tekniske, vedlikehaldsmessige eller driftsmessige årsakar og/eller av hensyn til lover, vedtak og anbefalingar frå offentlege myndigheiter. Årdalsnett er utan ansvar for kostnader, tap eller skade som kunden måtte bli påført som følge av slike tiltak. Årdalsnett vil forsøka seg på å varsler om slike tiltak i god tid og gjer sitt ytterste for at ulempen for den enkelte kunde blir minst mogleg.

14. Endring i vilkåra

Årdalsnett forbeheld seg rett til å endra noværande vilkår, herunder som følge av lover, vedtak og anbefalingar frå offentlege myndigheiter. Ved vesentlege endringar i vilkåra har kunden rett til å sei opp avtalen med augeblikkeleg virkning og krevja refundert ein forholdsmessig del av forhandsbetalte avgifter. Endringar i vilkåra varslast ihht vilkår punkt 7.2.

15 Tvistar

Tvistar mellom kunden og Årdalsnett skal søkast løyst i minnlegheit. Årdalsnett er medlem av "Brukerklage-nemnda for elektronisk kommunikasjon". Les meir om denne på www.brukerklagenemnda.no. Dersom tvisten ikkje lar seg løysa ved forhandlingar kan kvar av partane bringe tvisten inn for de ordinære domstolar.